

Møtereferat – Samarbeidsutvalet (SU)

Dato: 02.12.2025 Kl 17.00

Stad: Øygarden ungdomsskule

Tilstades: Andrea Dale (elevrepresentant), Teodor Fjeldstad (elevrepresentant), Hanne Linn Alvheim (FAU), Trine Omland (rektor), May Britt Heggholmen (politisk repr)

Meldt fråfall: Anne H D Torsvik (lærer), Aina Haugetun (Tilsett), Kamilla Njærheim Barstad (FAU),

1. Velkomen og godkjenning av innkalling og saksliste

- Kort velkomst ved leiar
- Godkjenning av innkalling og agenda er ok

2. Oppfølging av referat frå førre møte (15.10.2025)

- Status på saker som vart meldt inn:
 - a) Oppgradering av uteområde (ballbinge, treningsstativ, hengjekøyedisser). Skal vere klart til 2.januar.
 - b) Busskur : Trine har oppretta kontakt med Lennart Falkenberg-Arell som er einingsleiar for vegforvaltning i kommunen. Han skal undersøkje kor saka står, og har hatt fleire oppfølgjande spørsmål som gjer at SU kan ha von om at noko er i ferd med å skje
 - c) FAU sitt arbeid med kveldsaktivitetar: Halloweenfest, Juleverkstad, Julekonsert 11.12.25 og Juleball 16.12.25.
 - d) MOT-klubb på Rong: May Britt har sendt inn eit politisk innspel om fritidstilbod på Rong som vart sendt 16.oktober. Rektor har også sendt inn sine innspel i forkant av budsjettframlegg.

3. Orientering frå skulen

• Nasjonale prøver – resultat og tiltak

Godt skulebidrag frå 8. til 9.trinn i både rekning og lesing. 6 skalapoeng i rekning og 5 i lesing er gode resultat. Lesing, skriving og rekning er dei tre grunnleggjande dugleikane vi har særskild fokus på i år.

	2024-25 ?			
	Lesing ?		Regning ?	
	8. årstrinn ?		8. årstrinn ?	
	Alle eierformer ?		Alle eierformer ?	
	Alle kjønn ?		Alle kjønn ?	
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skalapoeng ?	Usikkerhet ?	Skalapoeng ?	Usikkerhet ?
- Hele landet	49	0.1	48	0.1
- Vestland	48	0.2	48	0.2
- Øygarden	47	0.8	47	0.8
Øygarden ungdomsskule	47	2.0	46	2.2

	2025-26 ?			
	Lesing ?		Regning ?	
	9. årstrinn ?		9. årstrinn ?	
	Alle eierformer ?		Alle eierformer ?	
	Alle kjønn ?		Alle kjønn ?	
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Skalapoeng ?	Usikkerhet ?	Skalapoeng ?	Usikkerhet ?
- Hele landet	53	0.1	53	0.1
- Vestland	53	0.2	53	0.2
- Øygarden	52	0.9	51	0.9
Øygarden ungdomsskule	52	2.3	52	2.2

- Elevundersøkinga – status
Gjennomført på alle trinn, men resultatene er ikke komne.
- **Fråværsoppfølging og TOG-arbeid**
30 % av elevar på skulen hadde meir enn 10% fråvær skuleåret 24/25.
Så langt dette skuleåret så har 17% av elevane meir enn 10% fråvær ved sist telling i november.
Lenke til fråværsrutina på skulen: [Fråværsrutina på ØUS - Google Dokumenter](#)
- **Samarbeid med føresette:**
 - Ekstra møte med føresette på 8.trinn i oktober. Tema var fråværsregistrering og rutine. Bruk av Vigilo og lesing i alle fag. Presentasjonen ligg på heimesida vår under nyhende.
 - Tidleg møte med elevar & føresette på 7.trinn i november. Elevar fekk helse på vaksne på trinnet, omvising på delar av skulen, treffe kvarandre, fekk noko pizza servert og vart underholdt av elevar på ØUS med aktivitetar og Just Dance. God stemning. Føresette fekk ei tidleg innføring i kva som er nytt på ungdomsskulen, rutinar rundt innskriving og kjennskap til fråværsrutiner i ungdomsskulen. Dette var eit godt møte og er noko vi vil vidareføre neste skuleår. Presentasjon ligg på skulen si heimeside under nyhende.
- **Djupnelæring:**
Finne organisering som legg til rette for enda meir tverrfagleg eller temabasert djupnelæring. Kort presentasjon om korleis vi jobbar per no:
<https://docs.google.com/presentation/d/16JuYcFV7B7yx5tWFglcGEJOL4c-sUb8LKwsmSIm4KnM/edit?usp=sharing>
Vi ønskjer å utforske om dedikerte temaveker i årshjulet vil gjem eir friheit til

4. Innspel frå representantane

- FAU: følgje opp MOT klubb, mange arrangement, refleksjonar og sonderingar rundt skuletur 10.trinn.
- Elevrepresentantar
 - a) Skidag er ønska av elevane. Elevar fekk ikkje skidag i dag og vonar i det lengste at FAU og skulen vil gjere slik at dei får skidag i år. Aller helst vil dei til Voss, og tenkjer at det er mogleg med langrenn og aking også på Voss.

5. Plan for våren

- Veke 4 : Mestringsdagar med helsefokus

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1	Kick off	Vinteraktivitetsdag	20 min Felles oppstart	Alternativ dag	Aktivitetsdag:
2	Meistringsveke	tysdag /fagdag	Foredrag Psykisk helse 10M1 Musikal Audition	Jobbskugging Utprøving av ulike valfag	LAN/brettspel: Sminke og hår: Turnering: Dans:
LUNSI	Kafe med underhaldning	Lunsj?	Kafesal	Kafesal	Gratis lunsj med underhaldning
3	Foredrag av Cato i kulturhus		Foredrag Psykisk helse 10M2 Musikal Audition	Forts alt dag	Aktivitetsdag: LAN/brettspel: Sminke og hår: Turnering: Dans:
4	Livsmestring: Robust: Eg vil – Eg kan – å sette seg mål!		20 min Felles avslutning		Evnt 10.trinn musikal

Det er komen eit forslag frå personalet på ØUS om å anten:

- erstatte sponning av ein vinteraktivitetsdag med fellesskapsdannande aktivitetsdag for alle elevar på Rush trampolinepark.
- eller eventuelt om det er slik at Vinteraktivitetsdag ikkje let seg gjennomføre at Rush trampolinepark for alle elevar kan erstatte dette og at FAU kan sponse dette i staden?

Elevrepresentantar i SU er redd Rush vert for lite til å ta imot 170 ungdomsskuleelevar, og trur mange elevar vil oppleve det skummelt, keisamt og slitsamt å vere i trampolineparken på RUSH ein heil dag. Dessutan er det skidag elevar først og fremst ønskjer seg.

Leiar i FAU stemmar for å først og fremst gje FAU-stønning til Vinteraktivitetsdag slik dei har bestemt i FAU eller evnt ei alternativ Kystaktivitetsdag til våren om veret ikkje tillet ein Vinteraktivitetsdag. Både desse to alternativa fremjar verdigrunnlaget i overordna del av læringsplan som kjennskap til tradisjon, kulturarv og naturglede på ein god måte og gjer skulen eit høve til å sikre at fleire elevar kan få denne fellesopplevinga.

Det vart vidare drøfta av dei frammøtte i SU at Bavallen no også kan tilby langrenn og akebakke slik at Voss bør vere eit alternativ til Furedalen.

6. Eventuelt

- Uværskur . Trine tar saka vidare med einingsleiar for vegforvaltning.
- Innspel frå elevrepresentantar: Kåring av vinnare etter aktivitetsdag og konkurransar i helseveke 35 må helst skje før elevar er gått ut av skulen.
- MOT-klubb. Kan elevrådet skrive eit lesarbrev eller ein felles mail om dette til Tom George, Johnny Breivik og Rune Golf?

7. Elevane sitt psykososiale miljø

Ikkje referatført.

